Kinn kommune

Næringspolitisk dokument

Grunnlag til kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel

Versjon – godkjend i f.sak 089/25

29.08.2025

Innhald

Forord ... 3
1. Kommuneplan sin samfunnsdel - strategiar ... 4
2. Kinn som viktig nærings- og utviklingskommune ... 5
3. Analyse av styrer, svakheiter, moglegheiter og truslar ... 6
4. Sysselsetting og arbeidsplassar, åra 2008-2023 ... 7
5. Nasjonal industri- og næringspolitikk ... 8
5.1 Havbrukspolitikk ... 8
5.2 Ressursforvalting av fiskeriressursane ... 9
5.3 Petroleumspolitikk ... 9
5.4 Reindustrialisering ... 10
5.5 Forsvarsindustri ... 11
6. Regionforstørring og samferdsel ... 12
6.1 Båtruter som mellombels løysing før Kystvegen vert realisert ... 12
6.2 Pendlaravstandar - Kystvegekspressen ... 12
6.3 Stad skipstunell ... 12
6.4 Flyruter ... 13
7. Nettverksdeltaking for regional utvikling ... 13
7.1 Kvar tiande arbeidsplass er skapt dei siste 10 åra – høg endringstakt ... 13
7.2 Fordeling av kompetanseressursar ... 13
7.3 Smart spesialisering ... 14
7.4 Stifornying – kopling av kunnskap mellom næringar ... 14
7.5 Retning i kommuneplanen sin samfunnsdel ... 14
8. Næringspolitikk for klimaomstilling ... 15
8.1 Vestland fylkeskommune sin klimapolitikk ... 15
8.2 Kinn kommune sin temaplan ... 15
8.3 Taktskifte uteblir, mellombels reduksjon i investering og lønsemd ... 16
9.0 Kraft, nett og energi ... 16
9.1 Alfotenmassivet er ressursrikt ... 17
9.2 Havenergi ... 17
9.3 Elektrifisering ... 17
9.4 Sentral og regionalnettutvikling ... 18
9.5 Energieffektivisering ... 18
9.6 Kopling mellom arealpolitikk i ei tid med mangel på energi ... 18
10. Likestilling, integrering og arbeidskraft ... 20
11 Regional plassering – arbeid for offentlege arbeidsplassar ... 22
11.1 Offentlege regionale helsetenester ... 22
11.2 Utvikling av offentlege arbeidsplassar i tilknyting til maritim sektor ... 22

11.3 Utdanning 23
11.4 Kultur og kreative næringar 23
11.5 IKT – Velferdsteknologi – Næringspark for fjernarbeid 23
12. Kommunen si vertskapsrolle 24
12. Tilgang på areal 25
14. Reiseliv 26

Forord

Næringspolitisk dokument er utarbeidd som ledd i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel. Dokumentet er eit samandrag av vekstselskapa (Måløy Vekst, Hub For Ocean og Aksello) sin bidrag i samband med planarbeidet og Menon rapportar om næringsutvikling i Kinn.

Rettleiar for planlegging, frå sentrale mynde, peikar på at vi har gode føresetnader for å nå mange av berekraftsmåla innan 2030. Dokumentet peikar på nasjonale og regionale føringar, og set desse inn vår lokale kontekst. På viktige område supplerer, utfyller og oppsummerer dette dokumentet tidlegare utarbeidde grunnlag for planarbeidet.

Dokumenter er også utarbeidd for å tydeleggjere ambisjonar for kva ein forventar av statleg og regional mynde, og korleis ein vil posisjonere Kinn kommune som eit tyngdepunkt på Vestlandet slik formannskapet har vedteke i sak 112/24.

1. Kommuneplan sin samfunnsdel - strategiar

Vi jobbar med **attraktivitet og omstilling**.

Samfunnsplanlegging vår tek omsyn til **demografiske utvikling** med fleire eldre og færre barn.

Vi jobbar med næringslivet for å tiltrekke oss arbeidskraft.

Vårt mål er **å ivareta naturområde**, gjenbruke næringsareal til det grøne skiftet, og **legge til rette for vekst i energisektoren, havvind, fiskeri- og havbrukssektoren**.

Vi er eit **inkluderande samfunn og har lykkast med integrering og bustsetting av flyktningar og tilflyttarar**. Dette har dei siste åra gitt positiv folketalsutvikling.

Vi er ein viktig **nærings- og utviklingskommune på Vestlandet** og arbeider for å tiltrekke oss kompetanse, arbeidskraft og offentlege investeringar.

Vi jobbar gjennom nettverk og samarbeid for å skape grunnlag for å skape vekst, og vi arbeider for å sikre næringsmessige omstillingsressursar.

2. Kinn som viktig nærings- og utviklingskommune

Kinn kommune merkar seg ut med gode utviklingsmoglegheiter, allsidig næringsliv og høg verdiskaping. Delen sysselsette i private sektor er høgare i vår kommune enn i våre nabokommunar. Dette er ei generelle styrke, men representerer også ei større sårbarheit for endringar i rammevilkår og konjunkturar enn andre med høgare del av arbeidsplassane i statleg eller regional sektor.

Vi ligg strategisk godt til på kysten, med sterke tradisjonar og naturressursar. Vår næringsmessige samansetjing med store internasjonale aktørar, regionale bedrifter og lokalt eigarskap representer eit særmerkt fenomen. Miks av bedrifter og bedriftsmiljø gjev oss gode moglegheiter til omstillingsarbeid og erfaringsutveksling på tvers.

Men vi må vere jakt etter «fleire bein» å stå fordi endringstakten i næringslivet er stor med kontinuerleg fokus nye moglegheiter og måtar å redusere kostnadene på.

Mellom dei største forsyningsbasane i landet

Mellom dei største vindkraftprodusent i landet

Mellom dei største hamnene i landet

Mellom dei største oppdretts- og fiskerikommunane i landet

Mellom kommunane med størst maritim aktivitet

Landets største ferje- og hurtigbåtrederi

Kommunen har tradisjon for å score høgt på Nærings-NM utarbeidd av NHO.
Vi representer såleis ei viktig samling av bedrifter og satsingar og kan godt framsnakke slike «fun facts» som teke med over.

3. Analyse av styrer, svakheiter, moglegheiter og truslar

Ved hjelp av analyseverktøyet SWOT har Menon gjort ei vurdering av moglegheiter og barrierar i kommunen. Resultata kan bli nytta som utgangspunkt for å identifisere område for forbetring. I tabellen under oppsummerer Menon funna frå analysen, og den er drøfta med næringsselskapa.

Tabell : analyse av styrker, svakheter, muligheter og trusler

Styrker	Svakheter
• Et sterkt og eksportrettet næringsliv med fokus på grønn omstilling • Et innovativt næringsliv • Fokus på etablering og videreutvikling av bedrifter • Naturgitte fortrinn	• Et mindre produktivt næringsliv til tross for høy eksportintensitet • Mangel på arbeidskraft • En geografisk atskilt kommune • Knapphet på areal – særlig på lengre sikt
Muligheter	**Trusler**
• Maritim næring – en drivkraft i den grønne omstillingen • Sjømatnæringen – kommunens største eksportnæring • Cruise- og reiselivsnæringen – mulighet for økt verdiskaping og sysselsetting • Havvind – en kilde til økt verdiskaping, sysselsetting og eksport • Økt produktivitet i næringslivet generelt vil føre til høyere verdiskaping i kommunen • Satsing på utvikling av attraktive arbeidsplasser og en attraktiv bostedsregion	• Cruise- og reiselivssatsingen – økt verdiskaping og sysselsetting skjer ikke av seg selv • Nye føringer kan føre til endringer for havbruksnæringen i tiden som kommer • Tilstrekkelig energitilgang kan bli en flaskehals mot oppbyggingen av nye energikrevende næringer • Samferdsel og infrastruktur i regionen – en viktig forutsetning for å sikre arbeidskraft • En tett kobling med olje- og gassnæringen kan utgjøre en trussel for grønn næringsutvikling • Demografiske endringer og viktigheten av rekruttering av arbeidskraft • Et sårbart næringsliv – utsatt for globale prisendringer

Menon karakteriserer næringsaktiviteten vår slik;

- Eit arbeidsmarknad dominert av privat sektor
- Ein dobling av verdiskapinga på 12 år.
- Ein havbasert kommune.
- Eit eksportretta næringsliv
- Låg produktivitet tross for høg eksportintensitet

4. Sysselsetting og arbeidsplassar, åra 2008-2023

Sett over tid har vi hatt ei hatt ein nedgang i sysselsetting og arbeidsplassutvikling. Arbeidsplassutviklinga knyter seg til færre industriarbeidsplassar, og færre offentlege arbeidsplassar.



Vi ser heller ingen klare teikn på bransjar som løftar seg i denne perioden. Sjølv om sysselsettinga har hatt den utviklinga som figurane viser, er det likevel vesentleg høgare verdiskaping enn kva ein finn elles i landet. Sysselsettingsutviklinga er likevel på veg opp etter 2020. **Trenden framover vil truleg vere høg verdiskaping, men ikkje nødvendigvis løft i arbeidsplassutviklinga, gitt konkurranse, bransjestruktur og færre yrkesaktive.**



5. Nasjonal industri- og næringspolitikk

I dette kapittelet har vi prøvd å dra saman hovudpunkta i politikkutforming for havbruk, fiskeri og petroleum. Den seinare tid er kraft blitt aktualisert som følge av nettkø og mogeleg kraftmangel. Dette er analysert i eit eige kapittel. Som stor eksportkommune burde vi sjølvsagt vere opptatt av endringar i internasjonale rammevilkår som toll, standardisering (EØS politikk) og klimaforpliktingar, men dette fell utanfor kva vi analysere.

5.1 Havbrukspolitikk



Ny fargelegging i trafikklyssystemet for havbruk. Foto: NFD

Havbruksmeldinga legg opp til eit nasjonalt mål om fem dobling av produksjon i havbruksektoren. Akvakulturnæringa er Norges største eksportnæring etter olje og gass. Veksten i næringa har også medført at næringa står ovanfor store utfordringar knytt til miljø, biotryggleik og fiskevelferd. Kinn utmerkar seg ein kommune med mange verksemder i heile verdikjeda.

Fleire formål og prinsipp kring i akvakulturregelverket har endra seg. Slutthandaming er av Stortingsmelding er utsett (juni 2025). I vår del av kommunen er hindringar for vidare vekst særleg knytt til arealknappheit (mellom dei største havbrukskommunane i dag) og «trafikklyssystem» som hindrar vekstambisjon for våre bedrifter. Vidare produksjonsvekst kan komme i høve til landbaserte anlegg, lukka anlegg og anlegg til havs.

Utprøving og kommersialisering av oppdrett av nye arter ei langsiktig og kunnskapskrevjande oppgåve. Dette handlar om å etablere eit regelverk kring aktiviteten, biologiske utfordringar og bygge opp marknadsapparat. Oppdrett av torsk i Kinn er eit viktig tilskott til næring i vår kommune med nasjonal betydning.

I vår oppfølging må vi både ta omsyn til areal til utprøving og drift av fleire typar anlegg, også til landbasert oppdrett og mogeleg vidareforedling av havbruksprodukt. Med aukande havbruksaktivitet følgjer også areal til forproduksjon. Endringar frå dagens produksjon i «merder» kan påverke inntekter frå havbruksfond negativt. Slik regelverket i dag er utforma vil ikkje havbruksfondet få tilført inntekter frå landbasert oppdrett.

Kinn kommune sitt arbeid med havbruk og fiskeri

- Vi set av areal til vidare vekst i fiskeri og havbruksnæringa og jobbar for auka verdiskaping her
- Gjennom arealpolitikk og ved handsaming av løyver ber vi om dokumentasjon på påverknad på miljø
- Ordninga med havbruksfond må vidareutviklast og kommunane som legg til rette areal i sjø og på land må tilgodesjåast

5.2 Ressursforvalting av fiskeriressursane

Fiskerinæringa har stor verdi for norsk økonomi, busetting og arbeidsplassar. Fisk tilhøyrer fellesskapet og regjeringa la opp til å sikre nasjonal råderett og kontroll med fiskeressursane. Målsetting nedfelt i meldinga tek utgangspunkt i ei forvaltning med meir rettferdig og føreseieleg fordeling av fiskerikvoter, m.a. har kvotar til kystfiskeflåten blitt tilgodesett i samband med Stortinget si handsaming av kvotemelding. Under denne handsaminga innførte ein ikkje grunnrentebeskatning på tildeling av kvotar, men det vart då forutsett at verdiskaping går attende til lokalsamfunn gjennom aktivitet og sysselsetting. Meldinga legg også opp til å stimulere til grøn omstilling m.a. gjennom vidareføring av co2 avgifta.

Vår oppgåve vil vere å syte føre at det skal vere mogeleg å vidareutvikle aktivitet innan sektoren, særleg den landbasert del av denne næringa. **Areal til vidareforedling** vil vere opp til oss å vurdere og sette av i samband med arealdelen av kommuneplanarbeidet.

5.3 Petroleumspolitikk

Norge er ein sentral eksport av olje og gass, og for Europa spelar vi ei avgjerande rolle i for energiforsyninga på kontinentet. Regjeringa har som mål at industrien skal utviklast, og ikkje avviklast, slik det er formulert i st. melding 11 (2021-22). Regjeringa meiner at energisituasjonen underbygger at det er viktige å bevare vårt utgangspunkt på energiområdet. Dette må skje gjennom ei lønnsam, effektiv, sikker og miljøvennleg forvaltning av våre ressursar.

Regelverket kring leiting og produksjons-løyver er vidareført slik det har vore, men det er lagt til strengare krav til klimavurderingar ved søknad om produksjonsløyve (PUD). Som forsyningsbase for Nordre del av Nordsjøen ser vi ein auka aktivitet på leiting som utnyttar eksisterande infrastruktur.

Kinn kommune sitt arbeid med olje- og gass:

- *Aktivitetane i regi av operatørselskap og selskap med leitelisensar er svært sentrale for verksemda på Fjord base, kommunen og regionen og dannar grunnlag for mange andre selskap og aktivitetar.*
- *Logistikksenter røyr er ein stor og viktig modul, men øvrig forsyningsverksemd og persontransport, samt subseakapasitet, er også avgjerande for sysselsetting og konkurranseevne i regionen.*
- *I Florø har det vore tradisjon for deling av dyr infrastruktur (som båt og helikopter). Vi ønskjer at operatørane og andre selskap drar vekslar på dette ved leiting og nye prosjekt i vårt område.*
- *Nordleg Nordsjø er eit prospektivt område og vi ser positivt på at det vert opna for leiting. Vi har forventningar til at nye funn og utbyggingar, nærfeltleiting og –produksjon skal medføre stor aktivitet i Florø i regi av operatørselskapa og andre.*

5.4 Reindustrialisering

Grønt industriløft vart lagt fram i 2023 frå Regjeringa. Men industristriløftet har også perspektiv som vi bør omtale;

Norge har flere ledende klynger som ligger i front i utnyttelsen av ny teknologi til produksjon av varer, komponenter og teknologi. Å styrke våre manufacturingbedrifter vil være sentralt for å utnytte verdiskapingspotensialet i grønne verdikjeder og i etableringen av arbeidsplasser for framtida.

Med større konkurransekraft som følgje av låg kronekurs, høg kompetanse og høg grad av automasjon er det truleg at industri og næringsverksemder finn det interessant å invester hos oss. Regjeringa har omtalt dette som reindustraliseringsomgrepet. Vi ser også at maritim industri vender seg mot nye marknadar i samband med auka materiellkjøp til forsvaret.



5.5 Forsvarsindustri

Langtidsplanen for Forsvaret (2025–2036) legg opp til ein ny struktur med færre, men meir standardiserte fartøy. Dette vil styrke beredskapen og redusere både vedlikehald og kostnader.

For Kinn sin del vil eit slikt nasjonalt oppdrag vere ei moglegheit til å bygge vidare på vår sterke maritime tradisjon – og sikre både verdiskaping og kompetansearbeidsplassar i åra som kjem.

Ein analyse frå Menon Economics viser at bygging av 10 havgåande og 18 kystnære standardfartøy for det norske Forsvaret kan generere opptil 85 milliardar kroner i verdiskaping og 56 000 årsverk over fartøya si levetid. Av dette vil sjølve bygginga bidra med 23 500 årsverk fordelt på aktivitet over heile landet.

5.6 Maritime næringar

Kinn kommune (sak 020/23) er av dei kommunane i landet med mest skipsanløp og har ei brei kompetansebreidde knytt til maritime sektor, m.a. logistikk, ferje- og hurtibåtdrift, skipsbygging, design og service m.v.

Enova har peika på at Florø skal vere eitt av fem knutepunkt i Noreg for bunkring av hydrogen. Ammoniakkbunkring ligg enno tidlegare i løypa. Det er potensiale for store kutt av utslepp i maritim næring.

Mer og grønner maritim eksport – rapport februar 2023

«Utredningens hovedmål å kartlegge mulighetene for verdiskaping og sysselsetting innenfor maritime næringer i Norge frem mot 2050. Innledningsvis gjøres det opp en kort status når det gjelder dagens situasjon innen maritim næring. Dernest løftes viktige teknologiområder frem, hvor det er rimelig å anta at norsk maritim næring har et naturgitt konkurransefortrinn overfor andre nasjoner. Utredningen peker også på hvilke muligheter som ligger i teknologi, samt både nye og fremvoksende næringer, som flytende havvind, CCS og havbunnsmaterialer, men også nye muligheter innenfor eksisterende næringer slik som havbruk og flerbruk av havet. Det er viktig at regjeringen legger til rette for videre utvikling av ulike utslippsreduserende løsninger for ulike skipssegment gjennom virkemiddelapparatet. Herunder også prosjekt som har til hensikt å utvikle nullutslippsløsninger.»

6. Regionforstørring og samferdsel

*Utvikling i bu- og arbeidsmarknad er viktige rammevilkår for næringslivet. Utfordringa knyter seg til **flaskehalsar** som i dag hindrar regionforstørring. Ressurs- og næringsgrunnlaget for Måløy og Florø har parallelle og like trekk. Arbeid for felles rammevilkår og ekstern påverknad er viktig. Betre samanheng i vegnettet mellom Florø og Måløy vil ha stor betyding for utviklinga i Nordfjord og Sunnfjord. Inn- og utpendling er viktig for Kinn og for kommunane kring.*

6.1 Båtruter som mellombels løysing før Kystvegen vert realisert

Manglande kystveg er den største utfordringa. Betre båtruter vil kompensere for manglande vegsamband, men ein vil likevel ikkje oppfylle alle kjenneteikn på ein komplett bu-, service- og arbeidsmarknadsintegrasjon før samferdselsutfordringa er løyst. Vi må derfor arbeide for realisering av Kystvegen.

6.2 Pendlaravstandar - Kystvegekspressen

Dag pendling internt i Nordfjord og internt i Sunnfjord er størst mot høvesvis Stad og Sunnfjord, men også Bergen og Oslo er pendlarkommunar for våre innbyggjarar. I Nordfjord er pendlingstida med buss mellom Måløy og Nordfjordeid 60/80 minutt og i Sunnfjord er det mellom Førde og Florø 65/70 minutt. Kystvegekspressen er viktig kommunikasjon mellom Selje, Kinn og Bremanger og tilsvarar buss innan i Sunnfjord og mellom tettstadane i Nordfjord.

6.3 Stad skipstunell

I samband med mogeleg realisering av Stad skipstunnel er det eit mål å etablere hurtigbåtsamband Bergen - Ålesund. Skipstunnelen er venta ferdig i 2026. Rutestamma må tilpassast dagleg pendling og arbeidsmarknadsintegrasjon, også når det gjeld materiell og reisetida mellom byane og tettstadane må vere akseptable. Sambandet vil truleg bli viktig i samband med reiselivssatsingar.

6.4 Flyruter

Gode flyruter er viktig for petroleumsnæringa, publikum og næringslivet i regionen.

Kinn kommune sitt arbeid med regionforstørring og samferdsle:

- Jobbe for Kystveg – Bergen – Ålesund med delstrekning Florø/Måløy
- Realisering av Stad skipstunnel
- Realisering av hurtigbåtsamband - Bergen-Ålesund i samband med Stad Skipstunnel
- Utvikling av fly- og rutetilbodet ved Florø Lufthamn
- Utvikling av lokal kollektivtransport buss/båt

7. Nettverksdeltaking for regional utvikling

«Storbyen» blir ofte hevda å ha størst «grobotn» for verdiskaping, nyskaping og innovasjon. Stor tilgang på kompetent arbeidskraft, spesialisering, forskingsmiljø, rask kunnskapsutveksling og låge kostnader til transport vert trekt fram som storbyen sine føremoner (agglomerasjon). Men det er gjort andre funn for den norsk realiteten, som syner noko anna og blir omtala som «det regionale paradokset». Næringsgeografien i vårt land bidreg til å jamne ut forskjellar mellom storbyen og små/mellomstore byar i høve innovasjons- og vekstevne. Viktige næringar breiar seg utover større geografiske områder enn kring større sentra. Dette er truleg ulikt andre regionar og land, men vesentleg for vår kommune sitt utviklingsmessige potensiale og regional betyding.

7.1 Kvar tiande arbeidsplass er skapt dei siste 10 åra – høg endringstakt

Det er viktig å vere ein del av slike produksjons- og innovasjonsnettverk som vårt næringsliv er ein del av. Perspektivmeldinga, st. meld 31 peika på at kvar tiande arbeidsplass er skapt i løpet det siste året. Innretninga vår må vere omstilling. Rapporten som er underlag for desse avsnitta viser truleg at større grad av samarbeid mellom våre to byar, og mot større byar bør det jobbast meir med.

7.2 Fordeling av kompetanseressursar

Fordeling av kompetanseressursar utanom storbyen innan maritim, mat og olje/gass er døme på spreiing av innovasjonar. Ein slik posisjon gjer vårt næringsliv til ein viktig bidragsytar til høg verdiskaping, og mogeleg også innovasjonsevne. Byar som våre utgjer tyngdepunkt for *eksportnæringar* og er med på å sikre balanse mellom regionar knytt til vekstkraft, likeverdige levekår og berekraftige regionar.

7.3 Smart spesialisering

Vi må spele vidare på dei fortrinna vi har, og utnytte dei. I næringsplanlegginga vert det nytta «smart spesialisering» for å identifisere og analysere tiltak og strategiar ut frå særeigne forhold, slik som lokalisering og kompetanse. Omgrepet «smart spesialisering» er eit uttrykk for at regionar og kommunar er forskjellige. Nærings- og utviklingspolitikk må såleis ta utgangspunkt i spesifikk kultur, kunnskap, fortrinn og lokalisering. Bedrifter, næringar og bransjar kan utvikle seg gjennom at kunnskap innan ein bransje kan nyttast i tilgrensande, eller andre næringar. Eit næringsliv utan innovasjon og endring står i fare for å stagnere (stiavhengigheit).

7.4 Stifornying – kopling av kunnskap mellom næringar

«Sti fornying» gjennom kunnskapsformidling og kunnskapsdeling er nødvendige vilkår for fornying. Nærings- og vekstselskapa våre spelar ei særs viktig rolle som koplingsressurs. Å utvikle og styrke slike omgivelsefaktorar er nemnd som viktig del av næringspolitikken til ein kommune.

7.5 Retning i kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsplan peikar i same retning som Nibr rapport frå 2021. Her blir viktigheita av utvikling av kompakte sentrum med urbane kvalitetar, utvikle kompetanse og innovasjonssentra trekt fram. Vidare bør vi jobbe for å samlokalisere statlege og private arbeidsplassar.

Kinn kommune sitt arbeid med innovasjon, nettverk og nyskaping

- Samarbeid med næringslivet om næringspark, næringshage og andre arena for innovasjon (nettverksarbeid)
- Organisering og påverknad for å få tilgang til nasjonale og regionale omstillings- og utviklingsmidlar til næringsarbeidet
- Finansiere, etablere og drive særskilte program for små og mellomstore bedrift
- Sørge for å ha kompetanse og ressursar til rettleiing for bedriftsetableringar, grunderer og inkubasjon (knoppskyting)
- Samarbeid, koordinering og spesialisering mellom kommune, næringsselskapa og næringslivet

8. Næringspolitikk for klimaomstilling

Gjennom Parisavtalen har vi forplikta oss til ein felles ambisjon om å avgrense klimaendringane til ei auke på 2 grader i temperatur og å etterstreve maksimum 1,5 grader auke. Innan 2030 skal EU og Norge saman kutte utsleppa med 55 prosent. EU har kutta utsleppa med om lag 30 prosent over same tidsrom. Analysa Menon har gjort viser at Kinn kommune er godt posisjonert for å spele ei rolle i omstillinga mot eit lågutsleppssamfunn. Dette viser seg særleg i aktørane sine planar relatert til havvind og nullutsleppsberarar. Lågutsleppsamfunnet vil innebere lågare aktivitet for petroleumsproduksjon, som representer i dag ei særs viktig næring i dag, og er noko som vi må ta høgde for.

Kinn kommune sin temaplan for klima, berekraft og naturmangfald stadfestar mål om å ha stoppa tap av naturmangfald og blitt ein nullutsleppskommune innan 2030. Mellom 2009 og 2022 auka Kinn sine utslepp med 6,4 prosent. Sjøfart er den klart største utsleppsposten, og har i stor grad gitt auken i samla utslepp i kommunen.

8.1 Vestland fylkeskommune sin klimapolitikk

Næringspolitikk lokalt hos oss gjev klimaomstilling mogleg ny næringsvekst;

«Vi i Vestland er avhengig av å styrke eksporten i etablerte næringer og bygge opp nye. Det er blant annet stort potensiale innen hydrogen, CCS, havvind, batterier, mineralutvinning, undervannsteknologi og sirkulære forretningsmodeller. Vi kan ikke eksporterer noe vi ikke har, eller utvikle løsninger det ikke er behov for.»

8.2 Kinn kommune sin temaplan

Felles kunnskapsgrunnlag for en foretrukket fremtid, 2020 Vestlandssenarior, EY
«Kinn kan også påvirke Norges samlede klimagassutslipp ved å legge til rette for grønn næringsutvikling. Omstillingen til et lavutslippssamfunn må skje i diverse kommuner avhengig av deres komparative fortrinn... Det er lett å tenke at noen andre vil ta ansvar, men Norge ligger bak skjema når det gjelder å nå klimamålene og vi er nå kommet til et punkt hvor noen må gå foran. Her kan Kinn kommune spille en rolle, særlig gitt planene som allerede foreligger relatert til havvindutbygging, produksjon av hydrogen og bunkringsmuligheter for ammoniakk....Fiskerinæringen er en viktig næring for Kinn kommune, både målt i verdiskaping, sysselsetting og eksport. For andre deler av verdikjeden er det dog en mulighet for videre vekst. Dette gjelder spesielt innen bearbeiding av biprodukter som ikke er egnet til humant konsum. Ett eksempel på dette er avskjær og andre biprodukter fra fiskeri til produksjon av fiskemel og fiskeolje.

Menon 2023, Globale, kontinentale og nasjonale klimaforpliktelser Betydning for Kinn kommunes arealplanlegging

8.3 Taktskifte uteblir, mellombels reduksjon i investering og lønsemd

Næringspolitikk for «grøn industriutvikling» er utfordra som andre næringar med utgangspunkt i kostnadsvekst og manglande lønsemd. Fleire store verksemder har redusert sine investeringar. Vi kan forstå dette som eit steg i retning av modning av desse framveksande næringane. Industriutvikling går gjennom ulike fasar i sine tidlege fasar, men det ligg ei langsiktig nødvendigheit å komme fram til nullutsleppsløysingar**. I vår langsiktige planlegging må vi omsynta klimautfordringane. Klimaeffektane og skadeverknader av Co2 utslepp, ligg som eit tungt bakteppe, sjølv om investeringar og lønsemd i nullutsleppsløysingar møter problem i dag.** Vi må omsynta at taktsikftet må komme. Industri og næringsutvikling har ikkje alltid karakter å vere ei lineær framskriving, vi må derfor ha beredskap i form av å ha arealreserve.

Kinn kommune si oppfølging av «nullutsleppsvisjon for klimagassar»

Kommunen legg til grunn visjonen om nullutsleppsløysingar i næringspolitikken. Vi bidreg til visjonen gjennom å sette av areal og jobbe for arbeidsplassar innan det grøne skifte.

9.0 Kraft, nett og energi

I vår kraftregion (NO3), m.a.o. nettområde mellom Sogn – Sunnmøre må vi i tida framover forvente at prosjekt over eit vist kraftbehov vert sett på vent. Prosjekt over 5mw står i kø. Volum av førespurnader til ny aktivitet er mykje større enn ledig kapasitet – vi ser behov for køordning. Prosjekt i kø gjeld satsingar i mange kommunar på datasenter, hydrogenprosjekt, oppdrett på land, elektrifisering av olje- og gassinstallasjonar, hydrogenproduksjon, elektrifisering på land (t.d. ladeinfrastruktur til skipstrafikk) m.m.

Energipolitikken har som mål å få til lågare utslepp, etablering av grøn næring. industriutvikling krev tilstrekkeleg tilgang på kraft og overføringsnett. Regjeringa legg til grunn at Norge må auke produksjon av fornybar energi og bruke energien meir effektivt. Dette er avgjerande for å lukkast med det grøne skiftet, nå våre klimamål og sikre tilgang på rimeleg og fornybar kraft.

9.1 Alfotenmassivet er ressursrikt

Store delar av nedbørfeltet og mange av vatna i Kinn kommune er regulert. Men kraftproduksjonsanlegga ligg i Bremanger og Gloppen. Nordalsvassdraget og Osenvassdraget er bygd ut med overføring til stasjonane i nabokommunane, medan Solheimvassdraget er verna.

Medrekna Guleslettene og Mehuken vindkraftanlegg og kraftanlegga kring Ålfoten fjellområde, representere dette ein særs viktig del av landet sin kraftproduksjon.

Området er også omfatta av Ålfoten landskapsvernområde og mogeleg vidareutvikling av energiressursane må omsynta desse perspektiva, og særleg dersom det blir opna for å vurdere meir kraftutbygging i område eller vassdrag med vernestatus.

SFE produksjon har fått fornya anlegga i Ålfotenområdet og det gitt konsesjon til fornying og auka produksjon. Det er søkt om utviding av kraftproduksjon kring Guleslettene, både innanfor og utanfor eksisterande konsesjonsområde.

9.2 Havenergi

Havområda utanfor vår kyst er peika ut som potensielt område for havvind. Dette gjeld område som har fått namna Vestavind A og B. Områda blir no konsekvensutgreidd og er teke med i mogeleg område for statsstøtte.



Vi kan også ha ei moglegheit for utvikling av andre for energi i havet, m.a.. bølgjekraft.

9.3 Elektrifisering

Kinn kommune meiner at den krafta ein treng til elektrifisering av sokkelen må kome frå offshore vind. Samtidig må ein sørge for at det går kablar til land slik at vindkraft også kan nyttast til fastlandsindustrien og bidra til større fleksibilitet i kraftforbruket.

9.4 Sentral og regionalnettutvikling

I prosjektet Grøn region Vestland blir det peika på at for låg kapasitet i kraftnettet er ei av dei største barrierane for det grøne skiftet i Vestland. Vestland Fylkeskommune meiner, som Kinn kommune, at nye transmisjonsstasjonar på sentralnettet på Vestland må byggast på Stord og på Grov i Kinn kommune. Grov stasjon er viktig for tilgang til av ny kraftproduksjon, mogeleg påkopling for havvind og kraftsikkerheit i regionen.

9.5 Energieffektivisering

NVE meiner det er potensiale i Norsk Næringsliv til å redusere energiforbruket med 29%. Med gjenbruk og utnytting av energi frå spillvarme er det mogeleg å spare endå meir. Dei vanlege hindringane for energieffektivisering er manglande infrastruktur, umoden teknologi og bedriftsøkonomiske lønsemd.

Kinn kommune sine prioritering i arbeid med kraft, nett og energi saker

- Arbeide for at område Vestavind A og B vert opna for havvind med mindre sambrukskonflikar med petroleum, fiskerinæring og naturverdiar er mindre
- Arbeide for etablering av ny transmisjonsstasjon på Grov Stasjon
- Arbeide for at elektrifisering av oljeinstallasjonar vert gjort med havvind
- Arbeid for ny linje til frå Guleslettene til Fjordbase med tanke på næringsutvikling og nettryggleik
- Avgrense ytterlegare vindkraft utover dagens konsesjonsområde, men vurdere auka ytterlegare skånsam og miljømessige omsyntaking vassdragsutbygging
- Arbeide for gode rammevilkår for energieffektivisering av industri
- Prioritere først planar for bruk av kraftressursar og nett til fordel for eksisterande aktørar før nye vert prioritert.

9.6 Kopling mellom arealpolitikk i ei tid med mangel på energi

Vi bør også vere bevisst på nye næringsverksemder og ta omsyn til nytt kraftbehov når vi prioriterer areal. Vi treng kraft til utviding av eksisterande aktivitet på land, utvidingspotensiale for vidareforedling av havbruk og fiskeriprodukt. Vårt eksisterande næringsliv har også planar for hydrogenproduksjon (HyFuel) og auke kapasitet i datasenter (Lefdal Mining med hovudkontor i Måløy). Dei fleste regionar opplever å få søknader og saker til handsaming kring nye datasentersatsingar og

annan grøn industri. Vi bør prioritere satsing på Lefdal Mining og eksisertande aktørar sine arealutviklingsplanar innan oppdrett og det grøne skifte før nye aktørar får plass.

10. Likestilling, integrering og arbeidskraft

Vi står overfor stor mangel på arbeidskraft i kommunen og i næringslivet. Utfordringa er ikkje berre å tiltrekke seg ny arbeidskraft, men også å halde på og vidareutvikle tilgjengeleg arbeidskraft. Vi kjenner til at vi har stor utflytting av både unge og godt vaksne. Unge for å ta utdanning og få erfaring, godt vaksne flyttar ut frå familiesituasjon og for å søke nye arbeidserfaringar.

Kommunen har ei dobbeltrolle i dette arbeidet, både som arbeidsgjevar og samfunnsutviklar. Vi kjenner vår eigne utfordringar, med stort behov innan helse og velferd, men også for andre yrkesgrupper treng vi arbeidskraft. Rekruttering av pedagogar til erstatning for dei som blir pensjonistar. Kommunen er også samfunnsutviklar. Det blir forventa at kommunen legge til rette for andre arbeidsgjevarar. Gjennom arbeidsgrupper i samband med næringsselskapa og andre har vi etablert samarbeidsforum.

Under har Nav og NHO i fellesskap utarbeidet en liste med ti konkrete tiltak som kan styrke arbeidsmarkedet og bidra til en mer bærekraftig kompetanseutvikling i regionen (2025)

- *Sørge for at karriereveiledere i skoler får årlig oppdatering om næringslivets behov for kompetanse.*
- *Jobbe for å øke andel elever som går ut i lære.*
- *Sørge for at flere unge får erfaring fra arbeidslivet gjennom prosjektet "Sommerjobb 2025"*
- *Lage flere skreddersydde kvalifiseringsløp og bransjespesifikke kurs*
- *Arbeide for at flere i Vestland skal få ta fagbrev gjennom jobb*
- *Gi bedriftene bedre oversikt over rekrutteringsmuligheter og hvilke tjenester som tilbys. Samarbeide med utvalgte bedrifter for å gjøre informasjonen mest mulig brukervennlig.*
- *Etablere flere strategiske samarbeidsavtaler mellom Nav og bedrifter.*
- *Bidra til at flere personer med funksjonsnedsettelser rekrutteres til jobber.*
- *Arrangere arbeidslivsmesser og rekrutteringstreff for å koble bedrifter med arbeidssøkere.*

Regionalt arbeidskraftløft – NHO NAV – Vestland 2025 *«72 000 personer mellom 20 og 66 år står utenfor arbeidslivet i Vestland. Samtidig melder 64 prosent av bedriftene i Vestland at de har problemer med å få tak i folk med riktig kompetanse….Bare de neste fem årene vil 33 000 personer i Vestland nå pensjonsalder. Vi trenger at flere av disse velger å stå lengre i jobb. Vi må også klare å få flyktninger raskere i jobb, og hjelpe flere med funksjonsnedsettelser inn i arbeidsmarkedet»*

Det har vokse fram ein ny generasjon leiar i bedriftene i vår kommune. Industri- og næringsutvikling er viktig rekrutterings- og opplæringsarena for høgt utdanna unge kvinner. Mange store og små bedrifter har kvinner med viktige leiarfunksjonar. På dette område skil vi oss frå andre kommunar, som Sunnfjord. Vi må og bryte ein myte om at særleg menn jobbar i industrien. Vi ser også at jentene blir rekruttert til fagarbeidarar.



I eit rekruttering- og utviklingsperspektiv er også industri- og næringsutvikling viktig for arbeidsplassutvikling for jenter med høg utdanning. Det vi ser no i næringslivet i Kinn bryt med mange mytar om arbeidsplassutvikling for industrien.

Kinn kommune vil arbeide for ;
- Etablere/vidareutvikle samarbeidsarenaer med vgs, fagskule og høgskule for region
- Sikre finansiering av «Studiesenter Kysten»
- Etablere felles rekrutteringsstrategi og nettverk med næringslivet.
- Kartlegge kompetansebehovet på kort og lang sikt.
- Omdømmebygging - Kinn prospekt og markedsføring både mot næringsetableringer og rekruttering.
- Studentprosjekt - utplassering,
- Koble grunnskule og næringsliv (skaparcamp, jenter og teknologi osb.)

11 Regional plassering – arbeid for offentlege arbeidsplassar

Denne rapporten viser høg verdiskaping, høg eksport og viktige bedrifter lokalisert i Kinn kommune. Arbeidsplassutviklinga og sysselsetting har likevel i sum ikkje vore så positiv som næringsandelen og næringssatsingar skulle tilseie. Ei utfordring har vore tap av statlege og regionale arbeidsplassar.

Offentlege arbeid, utanom kommunen, er i dag knytt til undervisning (Fagskule, Vidaregåande Skule), forvalting (Fiskeridirektoratet, Sjøfartsdirektoratet, Statens Naturoppsyn). Vi har også nokre få regionale arbeidsplassar utover undervisning, m.a. har vi få arbeidsplassar knytt til kultur. Offentleg kulturarbeids-plassane avgrensar seg til museum, bibliotek, kino og idrett.

Nye statlege arbeidsplassar skal desse vurderast å bli lagt til byar og tettstader i forhold til retningslinjer for lokalisering. Retningslinjene gjeld for etablering av nye arbeidsplassar, avdelingar, og flytting av arbeidsplassar.

11.1 Offentlege regionale helsetenester

Regionale (helseforeta) sentraliserer tenester, m.a.. er Florø Sjukehus lagt ned og aktivitet ved Sunnfjord Medisinske Senter er redusert. Vi har heller ikkje spesialistar i tannhelsetenesta elle andre spesialistar i monaleg grad. Imidlertid vil kommunehelsetenesta auka i tida framover. Samarbeid på tvers av kommunar om spesialiserte oppgåver kan vere eit satsingsområde som kan gje aktivitet og arbeidsplassar. Dette kan gagne våre eigene tenester, men også tene positivt som utvidande og differensieringa av arbeidsmarknaden. Særleg oppgåver innan psykisk helsevern, institusjons – og korttidstilbod, rehabilitering vere aktuelle å samarbeide om. Tenester med fagleg breidde og kvalifisert personale vil bli etterspurt, og kan tiltrekke seg kompetanse og tilflyttarar

11.2 Utvikling av offentlege arbeidsplassar i tilknyting til maritim sektor

Kinn kommune har stor aktivitet og mange typar bedrifter som leverer tenester og drive produksjon innan maritim sektor. Som nemnd har vi også einskilde isolerte forvaltningsoppgåver, men på dette område har vi fordeler som kan synleggjerast ved oppretting av nye oppgåver eller ved flytting andre oppgåver. Dette må det jobbast mot i kvar einskild sak, og kommunen må legge innsats i slike prosessar.

11.3 Utdanning

Kinn kommune jobbar med å stette næringslivet sitt behov for yrkesretta vidaregåande opplæring. Utover dette har vi Fagskulen i Måløy som tilbod utover vidaregåande.

Vi er inne i eit prosjekt med andre kommunar i ytre deler av Region Fjordane for å tilby etterspurt vidareutdanning og studiearena gjennom «Studiesenter kysten».
Når prosjektperioden er over må vi truleg jobbe for finansiering av dette tiltaket. Det er viktig for å oss å ha gode dialogar med næringsliv og kommunikasjon med statlege/fylkeskommunale utdanningsinstitusjonar med tanke på arbeidskraft og arbeidsplassar.

11.4 Kultur og kreative næringar

SSB har ein definisjon av arbeidsplassar innan denne sektoren som spenner vidt, Den rommar alt frå arkitekt, media, reklame, underhaldning til litteratur, musikk, kunst og utsmykking. Utvikling av slike «frie» yrker skjer utan at kommunen kan påverke eller har innflytelse over rekruttering, men å legg til rette utøving av kunst og kultur i regi av kulturbygg eller andre lokalitetar kan gje viss aktivitetsauke. Også for utvikling av kultursektoren, om vi kan bruke det omgrepet, må og bør, utvikling ta utgangspunkt i særtrekk, fordelar, kulturminne m.m.

11.5 IKT – Velferdsteknologi – Næringspark for fjernarbeid

Kinn kommune har også regionale arbeidsplassar innan IKT og velferdsteknologi. Alarmsentralen tilbyr velferdsteknologitenester og responsentertenester til kommunane i gamle Sogn og fjordane. Ei slik teneste kan utvidast som fylgje av større etterspørsel av denne type tenester og gjennom å marknadsføre vertskommuneoppgåva. I denne samanhengen kan ein også peike på at fjernpendling, dvs. fagpersonar som flyttar til kommune, og tek med seg arbeidstilknyting til eksisterande verksemd. Å lage gode arena og næringspark for denne typen arbeidsplassar kan stimulere til tilflytting. Einskilde statlege arbeidsplassar legg til rette for dette, t.d. dømes har Helse Vest IKT har 5 arbeidsplassar i Florø.

12. Kommunen si vertskapsrolle

NHO skriv dette om kva ein god vertskapskommune er:
«Et næringsliv som skaper og tar vare på lønnsomme arbeidsplasser er viktig for å sikre vekst og utvikling i hele landet. Gode vertskapskommuner kan fremstå på ulike måter, og må ikke tilfredsstille noen absolutte kriterier. Men de må være opptatt av det som er viktig for sitt næringsliv, og gjøre noe for å imøtekomme dette.

Aktiv overfor næringslivet
Kommunen arbeider med kommuneplanar, samfunn og areal som er relevant for næringslivet
Kommunen har mange planar til handsaming for etableringar og utviding av aktivitet
Kommunen jobbar med næringslivet, inviterer og arrangerer møter
Gjennom Aksello tilbyr rettleiing og har program for aksellering av idear (inkubator)
Omstilling
Kommunen følger opp digitale søknader, m.a. byggesaker
Arbeid med arealtilgang, men også koordinering av steinmassar fra
Kommunen samarbeider med Grøn Region Vestland
Samarbeidsorientert
Kommunen deltek på møter i regi av næringslivet, inviterer til samarbeid
Kommunen samarbeider med fylkeskommunen og innad i Region Fjordane, m.a. Kraftanalyse
Internasjonal orientering
Kommune har pr. i dag ikkje internasjonalt samarbeid
Kommunen har fram til no ikkje gjort noko på dette område
Styring og effektivitet
Kommunen skulle ønska og bør jobbe betre kapasitet til å behandle arealsaker
Kommunen arbeider med dette, m.a. gjennom opplæringsprogram

Korleis fylgjer kommunen opp kva gjer kommunen ?

Aktiv overfor næringslivet
Har kommunen relevante planer og strategier?
Er kommunen attraktiv for næringslivet å være lokalisert i?
Kjenner kommunen næringslivets behov?
Legger kommunen til rette for at nye bedrifter (herunder gründere) kan etablere seg?
Omstilling
Tar kommunen i bruk nye løsninger, herunder teknologi i sitt arbeid overfor næringslivet?
Legger kommunen til rette for at næringslivet kan utvikle seg?
Bidrar kommunen i viktig omstillingsarbeid for næringslivet?
Samarbeidsorientert
Har kommune og næringslivet et godt samarbeid?
Har kommunen et godt samarbeid med andre (kommuner, fylke, virkemiddelapparat m.v)
Internasjonal orientering
Har kommunen internasjonale samarbeid? Deltar i internasjonale utviklingsprosjekter?
Støtter kommunen næringslivets internasjonale arbeid?
Styring og effektivitet
Er saksbehandlingen i kommunen god og rask?
Veileder kommunen næringslivet på en god måte?

NOU 2020/12 har tilsvarande rammer for korleis kommnane kan etablere gode samarbeid og legg til rette for næringslivet. Rapporten legg også vekt på korleis kommunane utnyttar og hentar ut nasjonale og regionale omstillingsmidlar, samarbeid om «det grøne skifte» og arbeidskraftbehovet.

12. Tilgang på areal

Det er eit sentralt mål at arealbruken skal vere berekraftig og gjere kommunen attraktiv å besøke, bu og drive næring i. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal gi den overordna føringa for arealpolitikken, også i Kinn kommune. Plan- og bygningslova har berekraftig utvikling som hovudformål.

Kart : 1. gangs høyring kommuneplanen – næringsareal (lilla)

Kommunar med svak folketals-utvikling har eit særskilt behov for å ivareta verdiskapingsgrunnlaget. Dette er peika på i regjeringa sine rikspolitiske retninglinjer. I kapittel 4 ser vi ei svak sysselsettings- og arbeidsplassutvikling. Dette er medverkande til svak folketalsutvikling. Høg integrering av flyktningar i perioden 2015-16, samt 2022-24, snudde dette biletet. Fenomen som dette er ikkje unikt for vår kommunetype (minst sentrale kommunar). Ein arealpolitikk som fremjar næring- og næringsutvikling er såleis viktig for å ivareta verdiskapingsgrunnlaget. Arealpolitikken må likevel ta omsyn til, og legge vekt på berekraft, oppretthalde intakte økosystem og naturmangfald. Vi må omstille oss til lågutsleppsamfunnet og ha langsiktig arealvurderingar for å minimere arealtapet.

Rikspolitiske retningslinjer trekk fram at framtida si velferd og verdiskaping må bli utvikla innanfor ramma av sosial, økonomisk og miljømessig berekraft. Kommunane skal bidra til å fremje verdiskaping og nødvendig omstilling av industrien. Sentralt ligg å omsynta sirkulære økonomi og god infrastruktur. Vi skal legg til rette for gode rammevilkår for eit mangfaldig, berekraftig og konkurransedyktig næringsliv.

Næringsareal – eksisterande og kommuneplanframlegg (1. gangshøyring)

	Eksisterande	Kommuneplan Forslag
Måløy	1520	190
Florø	5200	1370
Sum	**6720**	**1560**

Figur : 1. gangs høyring - kommuneplanen



NOU 2023:25 Omstilling til lavutslipp foreslår eit rammeverk for tiltak når det gjeld arealbruk: Unngå - flytte - forbedre (UFF). Vi unngår unødvendige utbyggingar, og utbygging og bruk som forstyrrar naturlege karbonlager til havs. Vi gjenbrukar næringsareal, nyttar eksisterande infrastruktur og fortettar i allereie utbygde område. Vi legg tilrette for bygging med skånsomme metodar som tar vare på økosystem og bygger mindre. Der det er formålstenleg tilbakefører vi ubrukt areal til natur. Som ein konsekvens av dette er det viktig at vi stiller prosesskrav i alle arealplanar knytt til tidleg innbyggarmedverknad, naturverdivurderingar, omstilling til lågutsleppssamfunn og sirkulære verdikjeder.

I kommuneplanen sin arealstrategi har vi innarbeidd oppfølging av rikspolitiske retningslinjer, omsynteke våre lokale forhold. Vi skal omsynta naturmangfald, hushaldere med areal, jobbe mot arealnøytralitet og vi skal føre arealrekneskap. *Arealstrategi for Kinn kommune*. Som tidlegare vist er det nødvendig med arealreserve. I samband med kommuneplanen sin arealdel må ein avvege forskjellige omsyn, mellom næring, landskap og natur. Vi kan i dag ikkje peike kva industri eller næringsaktivet som vekst fram. Arealreserve er derfor viktig, både for å omsynta innspel som er konkretisert, og kva arealbehov noko fram i tid. Ei arealreserve for å omsynta ei vekst på kring 15% er dokumentert gjennom dette dokumentet

14. Reiseliv

Kinn kommue har potensiale med utgangspunkt i sjø og sjøbaserte aktivitetar som t.d. fiske, båtturisme, båtsport, opplevingsturar til sjøs som t.d. fyrsafari og øyhopping og badestrender. I tillegg er det stort potensiale til landbaserte opplevingar knytt til fotturar, sykling og kulturminne / historiske attraksjonar.

Det er eit mål å skape ei berekraftig reiselivsutvikling. Kommune ynskjer å samarbeide om å sikre at Kinn kommune er ein attraktivt kyst- og øyrike for både vitjande og lokalsamfunn. Vi skal strekke oss mot miljøsertifisering av kommunen som organisasjon, privat næringsliv og arrangement.

Utviklinga peiker også i retning av meir bærekraftige opplevingar. Både aktivitetar i naturen som t.d. fotturar og sykling, men også oppleving av lokal kultur og historie kombinert med lokale matopplevingar. Meir bærekraftige opplevingar betyr også lenger opphald på kvar destinasjon, noko som krev eit mangfald av tilrettelagte opplevingar på destinasjonen. Byar og omgivnader som vår opplever auka interesse då ein kan oppleve noko unikt og der god plass og lite trengsel vert verdsatt høgt.

Etterspurnaden etter unike opplevingar som t.d. overnatting i «birdbox» o.l., flytande badstuer («wellness») auka. For kysten ligg det eit potensiale for å oppnå målet om heilårsdrift for turistbedrifter i oppleving av vind og vèr («stormwatching»)

For å auke verdiskapinga knytt til turisme er det behov for meir overnattingskapasitet knytt til varme senger i ulike kategoriar. Unytta sjøhus o.l. i tettbebygde strøk kan bli attraktive overnattingstilbod. Det er ei føremon med ein viss konsentrasjon av fasilitetar for både overnatting, servering, servicetilbod og opplevingar, då dette både aukar attraktiviteten til lokale reisemål og legg mindre press i forhold til trafikk / forflytting m.m.. Det er difor viktig å ta høgde for i planarbeidet også i tettbygde område og bykjernen, til både ny overnattingskapasitet og tilrettelegging av aktivitetar og opplevingar både på land og på sjøen.

Cruiseanløp og -passasjerer er ein del av næringa og er i vekst i vår kommune. Vi har kompetanse i vår kommune til å utvikle denne nærings og det pågår mange innovasjonar for å kunne utvikle lokal verdiskaping. Kommunen må samarbeide med andre kommunar om destinasjonsutvikling, tålegrenseanalyse og infrastruktur.

15 Landbruk

Landbruket i Kinn representer også ei viktig næringsgrein som vi treng å ha fokus på. Sjølv om vi har har færre nokre færre bruk i drift enn for få år sidan, er tala likevel stabile når det gjeld bruk i drift (140) og produksjonsarealet blir halde i hevd (21400 da) og har ikkje minka dei sinare åra (SSB). Ser vi derimot på landbrukseigedommar (kring 800) kan vi ha eit potensiale for verdiskaping og busetting.

I sin rapport «Megadrender for landbruket» peikar Menon på;
Menon finner at megatrendene trekker i retning av økt fokus på matkvalitet og sikkerhet, samtidig som befolkningsvekst og økonomisk vekst trekker i retning av at samlet etterspørsel fra jordbruk og matindustrien vil øke. Mye tyder derfor på at fremtidig omsetning og verdiskaping i landbruket kan øke vesentlig fremover. En forutsetning for vekst er at økning i konsum og betalingsvilje for kvalitet ikke utelukkende blir møtt med økning i import. Ved siden av å være et politisk spørsmål, er dette også et strategisk spørsmål for jordbruksnæringen og matindustrien. En fortsatt

satsing på kvalitet og matsikkerhet, samt en tiltakende satsing på produkter tilpasset mindre og betalingsdyktige kjøpegrupper kan fungere dempende på importen.